



Sjur Langesæter og vinnaren Line S. Holmedal i finalen i fjor.

**Festitaren, Festidalen sin lokale variant av Mesternes Mester er blitt eit svært populært innslag under festivalen. Det er fjerde året den vert arrangert og kvart år har publikum storkosa seg i spenninga og underhaldninga som dei tøffe deltakarane har stått for. Alle dei tre åra har det enda med ein dame som vinnar, og som dermed har fått ærestittelen, Årets Kongekrabbe.**



Sliten ordfører under fjorårets konkurranse.

Om det er for å redde sjølvtilitten til 'det sterke kjønn', reglane har vorte endra i år, veit eg ikkje, men eg trur helst det er fordi alt med Festidalen stadig er i utvikling og forbedring. I år skal det konkurrerast på lag, og så langt eg kjenner til, er vi dermed endeleg sikra mannleg vinnar. Det er nemleg minst ein mann på alle lag. På svært mange lag er det også familiære relasjonar.

- Halsnøy-læraren Johannes Heien er på lag med faren, poeten og sauebonden Magne Heien frå Utåker. Magne har mor frå Klammeren og vert nok såleis ein favoritt for Uskedalspublikummet.
- Elisabeth Sæle som vi ofte ser joggande og som har master i idrett, er på lag med sambuar og politi Lars Håkon Ramstad. Her har Uskedalen eit svært sterkt kort.
- Kari Bråtun som vi også ofte treff joggande eller på rulleski når ho ikkje er på fotball, stiller i tospann med den spreke omvikedelingen Johannes Hjelmeland. Når vi først er inne på Uskedalstilknytning, så har jammen han ei søster her.
- Det vakre Guddalstunet har i tillegg til flotte Galleri G Guddal tydelegvis fostra flust med sprekingar. Dei stiller med to lag. Ingrid Guddal stiller på lag med den spreke sonen Jarand Naterstad, men dei får kanskje den hardaste konkurransen av den næraste slekta. Det sporty søskenparet Sara og Johannes Guddal vil nok gjera seg gjeldande når Kongekrabbe-tittelen skal delast ut.
- Frå nord-sida lurar også eit skarpskodd søsken-par. Frå Hatlestrand kjem skiskyttar-brørne Otto og Martin Femsteinvik. Når vi kjenner konkurranseinstinkt deira, er vi sikker på at dei ikkje har tenkt å ta ferja heim utan Kongekrabbe-tittel. Og når vi først er inne på Uskedal-tilknytning, så spelte mor deira kornett i Uskedal musikklag på slutten av 80-talet.



Ein tur i det våte element høyrer med.



Skivinnarane i fjor.

Dei tre damene som har vunne dei tre førgåande Festitaren-konkurransane er Tone Lillesletten(2014), Marianne Korsvoll(2015) og Line Steffensen Holmedal(2016). Kven vert det i år, og kven vert første Kongekrabbe av hankjønn? Vert det Uskedalsiger som for 2 år sidan? Spennande og underhaldande vert det i alle fall!!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Festidalen/Atle Helland.